

Prosjekt: Granvin 2020

Juni 2018.

«Frå kommune til bygd – korleis sikra og utvikla lokal identitet, motiverte eldsjeler og lokal samfunnsutvikling etter kommunereforma?»

Granvin i dag

Granvin herad er den minste av hardangerkommunane med sine 933 innbyggjarar og med sine 213 km². Kommunen har ein tradisjonell demografi med ein kommande overvekt av eldre i høve innbyggjarar i arbeidsfør alder. Kommunen har i mange år hatt eit fødselsunderskot, men har dei siste åra opplevd ein auke i barnefødslane. Moelven Granvin bruk er den største private arbeidsplassen. Det finnes fleire lokale entreprenørfirma, og landbruksnæringa er stor og viktig i Granvin. Det er fleire lokalmatprodusentar med lokale utsal. Det finnes to daglegvarebutikkar, og anna detaljhandel føregår på Voss. Granvin er sentralt plassert i Hardanger og er ein pendlarkommune. Mesteparten av pendlinga er ut og inn av Voss, men det blir også pendla mellom hardangerkommunane.

Det er ein 1-10 skule i Granvin og ein barnehage. Det er også ein sjukeheim og nær 30 omsorgsbustadar. Det er dei siste åra tilrettelagt for bustadbygging gjennom to større bustadfelt. NVE har lagt ned eit betydeleg arbeid dei siste åra i å flausikre Granvin sentrum.

I kommunen er det eit nytt meirope bibliotek, eit bygdemuseum, eit aktivitetshus som husar både kommunal aktivitet som ungdomsklubben og frivillige lag og organisasjonar. Lagslivet er elles blomstrande med både geografisk avgrensa grendelag, og tematiske lag som idrettslag, museumslag, turlag, bondekvinnelag, helselag osb. Det er ein stor dugnadsånd i Granvin og både store og små prosjektet er utvikla på frivillig basis.

Bakgrunn

Granvin herad vedtok hausten 2014 å slå seg saman med ein eller fleire av nabokommunane sine. Vedtaket kom som ein fylgje av kommunereforma, og ein erkjenning av at Granvin er for liten til å stå aleine som sjølvstendig kommune.

Folketalet i Granvin har gått jamt nedover dei siste tiåra, men det ser som til å ha stabilisert seg på 920 – 940 innbyggjarar. I SSB sine framskrivingar er det ingen markante endringar i dette. Folketalsreduksjonen har over år medført at Granvin herad har måtte gjere kutt og omstillingar i dei kommunale tenestene. Då kommunereforma kom, innsåg politikarane at det no ikkje er meir å kutta i og at einaste løysinga for å sikra likeverdige og gode tenester var ved å bli ein større kommune.

Det blei gjort vedtak om at Granvin skulle slå seg saman med Voss kommune. Voss ligg 2,5 mil unna sentrum i Granvin og er ein stor kommune (14 000 innbyggjarar) med mange små lokalsamfunn rundt regionsenteret Vossevangen. Dei andre lokalsentra blei innlemma i Voss ved førre store

kommunereform i 1964. Nokre av desse har opplevd sterk innbyggjarnedgang i åra etter samanslåing, medan andre har auke sitt innbyggjartal. Det er viktig for Gravensarane at ein etter samanslåinga hamnar i den kategorien av grender som opplever vekst og auke i innbyggjartalet.

Voss kommune forsøker å balansera naudsynt sentralisering av tenester opp mot å oppretthalda busetnad i grendene. I Intensjonsavtala mellom Voss kommune og Granvin herad kan ein lesa

Positiv utvikling av Voss som regionsenter vil vera avhengig av eit aktivt og levande omland.

Vidare er politikarane i begge kommunane merksame på at Granvin er ein hardangerkommune med sin kulturelle identitet og stadstilhørigheit. Ein har kommentert dette i Intensjonsavtala slik:

Granvin sin hardangeridentitet må sikrast og vidareutviklast og slik også gje ei utviklingsmoglegheit for reiselivet på Voss

Kommunesamanslåinga har vore eit naudsynt grep for å sikra kommunale tenester til Gravensarane, og ein har skrive ein avtale med gode intensjonar om vekst og utvikling i alle delane av kommunen. Det er likevel viktig i denne brytningstida for Granvin å ha fokus på arbeidet med utvikling av ein endra kommune identitet, og å legge tilhøva til rette for at lokalsamfunnet i Granvin kan utvikla seg positivt innanfor rammene av ein ny stor kommune.

I samband med planlegginga av den nye kommunen har ein starta arbeidet med ein ny felles kommuneplan. Denne planen vil mellom anna sikra og vidareutvikla tilhøvet mellom regionsenteret og lokalsentra i Voss herad. I denne planen vil Granvin måtte løftast fram som ein av fleire lokalsamfunn i den nye kommunen. Politikarane i Granvin ynskjer å etablera eit parallelt utviklingsprosjekt som ikkje skal vere ein konkurrent til kommuneplanarbeidet, men som eit supplement som skal bygge opp under og harmoniserast med denne. På denne måten kan ein jobbe seg inn i den nye kommunen samstundes som ein får etablert eit særskilt fokus på Granvin. En ynskjer difor å etablera eit eige prosjekt som kan gå grundigare inn i problematikken rundt det å miste identitet som eigen kommune og etablera ein ny identitet som ei bygd i ein større kommune.

I intensjonsavtala er det også avtalefesta at det skal etablerast eit fond på 10 millionar kroner til lokal samfunnsutvikling i Granvin. Dette fondet skal forvaltast av eit styre med representantar frå Granvin. Det er ikkje laga vedtekter til fondet, og dette prosjektet vil danna grunnlaget for å utarbeide desse vedtektene.

Sentrale problemstillingar vil vere:

- Kva skal til for at Granvin beheld sin lokale hardangeridentitet?
- Kva skal til for å sikra livskvalitet for innbyggjarane og eit levedyktig samfunn?
- Kva skal til får å gjere Granvin til ein attraktiv stad både for innflyttarar og for næringsliv?
- I Granvin har mykje av samfunnsutviklinga skjedd som ein fylgje av tett samarbeid mellom heradet og lokale eldsjeler og grendelag. Korleis skal ein sikra at eldsjelene blir sett og fylgd positivt opp når avstanden til kommunesenteret blir større?

Organisering og roller

Det vil vere Granvin heradsstyret som er den formelle eigaren av prosjektet, og det vil blir engasjert ein person til å vere prosjektleiar i prosjektperioden. For å sikre medverknad og eigarskap til prosjektet mellom innbyggjarane i Granvin, vil det bli etablert ei ressursgruppe der frivillige lag og


organisasjonar er representert. Det burde vore ein representant frå eit næringslag, men det er det ikkje etablert i Granvin, derimot er landbruksnæringa organisert, og ein ynskjer å ha med ein representant derfrå.

Medlemmer i ressursgruppa vil vere:

- To politikarar peika ut av heradsstyret
- Leiar av ungdomsrådet
- Leiar av eldrerådet
- Tre medlemmer av ulike grendelag
- Leiar i idrettslaget
- Leiar av Bondelaget
- Ein representant frå Granvin barne- og ungdomsskule.
- Ein representant frå Distriktsenteret (Kompetansesenter for distriktsutvikling)

Arbeidsgruppene vil kunne få i oppdrag å gjere mindre utgreiingar og gje innspel til prosjektleiaren. Gruppene vil kunne variera utifrå kva tema som blir drøfta og kva innspel prosjektleiaren treng, men i utgangspunktet ser ein føre seg fylgjande arbeidsgrupper:

- Dei aktive grendelaga
- Ungdomsrådet
- Andre aktuelle frivillige lag.



Målsetting

Hovudmålsetting/effekt mål;

1. Sikra livskvalitet og eit levedyktig lokalsamfunn etter kommunesamanslåinga.
2. Utvikla og forankra ein ny identitet; frå kommune til bygd.
3. Stimulerer til aktivitet og dugnad for bygda.

Resultatmål;

1. Skape engasjement rundt prosjektet frå «**Frå kommune til bygd**»
2. Utarbeide eit strategidokument med mål og tiltak.
3. Førebu utarbeiding av vedteker for **Fond for lokalsamfunnsutvikling i Granvin.**

Aktivitetar og leveransar

Det skal utarbeidast eit strategidokument med mål og tiltak som skal beskrive kva som skal til for å sikra eit livskraftig lokalsamfunn i Granvin. Det er innbyggjarane sjølv som er den viktigaste ressursen både i prosjektet og i skapinga av eiga framtid, og dei vil på ein systematisk måte bidra inn i prosjektet.

Når prosjektleiar er på plass vil ein måtte etablera prosjektorganisasjonen og ressursgruppa vil kvalitetssikra prosjekt- og aktivitetsplan. Arbeidet starter med eit folkemøte der prosjektet skal presenterast og der innbyggjarane og dei ulike laga og organisasjonane kan kome med innspel til prosjektet.

I samarbeid med utpeikte ressurspersonar skal det etablerast arbeidsgrupper som vil få i oppdrag å utgreia spesifikke problemstillingar knytt til deira grend, eller deira virkeområde. Det kan leggjast opp ein studietur til kommunar/lokalsamfunn som har lykkjes i arbeidet med lokalsamfunnsutvikling. Det er viktig å hente erfaring frå desse kommunane og kunne trekke ut beste praksis frå tidlegare prosjekt.

Prosjektet skal både skapa engasjement og entusiasme rundt utvikling av ny identitet, men det skal og munne ut i både strategidokument og eit framlegg til føringar/vedtekter for Fond for lokal samfunnsutvikling i Granvin.

Framlegga skal ut på offentleg høyring og vedtakast av heradsstyret i Granvin. Fellesnemnda for Voss herad 2020 skal høyrast i prosessen.

Forholdet til kommuneplan i Nye Voss herad

Det omtalte strategidokumentet skal fungera som eit utgreiingsdokument som ledd i utarbeidinga av kommuneplan for Nye Voss herad. I kommuneplanen vil senterstrukturen vere eit fokusområde og Granvin som bygdesenter vil måtte få sin plass i dette arbeidet. I planprogrammet til kommuneplan for Voss herad står det på side 7:

I kommuneplanen er det viktig å få trekt opp grensene for andre lokalsentra og nær-sentra. Særleg er dette viktig for Granvin sin del, som no ikkje lenger vert eit kommunesenter.

Strategidokumentet «Frå kommune til bygd» vil slik bygge opp under fokusområdet i kommuneplanen, men vil samstundes gå djupare inn i analysane og slik kunne stå på eigne bein parallelt med kommuneplanen. Ein anna viktig funksjon for denne utgreiinga er at den kan ha overføringsverdi til dei andre grendene i Voss. Dette vil ein komme tilbake til i kommuneplanarbeidet med senterstrukturen.

Strategidokumentet vil bli utforma som ein temaplan innanfor ramma av kommuneplanen.

Kostnadskalkyle og finansiering

"Granvin; frå kommune til bygd"

Kostnadar	
Prosjektleiar 4,5 månader	330 000
Studietur	20 000
Folkemøte oa	15 000
Trykksak	40 000
Anna	20 000
Sum	425 000

Finansiering

Eigendel*	375 000
Fellesnemnda**	50 000
Sum	425 000

* 175 000 omdisponerte lønsmidar/200 000 disposisjonsfond

Framdrift

Det er lagt opp til ein kort og intensiv arbeidsøkt for å få strategien/planen ferdig før slutføring av kommuneplanens samfunnsdel.

